



Adrienne Kvam
Mobakken 1
6869 Hafslø

Dykkar referanse


Vår referanse
26/244 - 2

Dato

01.07.2026

Varsel om oppstart av planarbeid Detaljreguleringsplan Hafslø sentrum nord, planid 2026001

Med heimel i plan- og bygningsloven § 12-8 blir det med dette varsla om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan Hafslø sentrum. Arealet er vist under med blå stipla avgrensing, jf også vedlegg 2.



Planområdet vist med blå skrift.

Plan- og forvaltningsutvalet i Luster kommune hadde i møte 27.01.2026 (sak PFU 6/26) behandling av planinitiativ/ oppstartsdiskusjon. Saksframlegget er lagt ved som vedlegg 1, og beskriver i stor grad situasjonen og føremålet med dette planarbeidet. Kortversjonen er at

Postadresse:
Luster kommune
Postboks 77
6866 Gaupne

Telefon:
+ 47 57 68 55 00


Kontonummer:
3785 07 00142
Organisasjonsnummer:
964 968 241

E-post:
post@luster.kommune.no
Heimeside:
luster.kommune.no

Luster kommune og Sterri Eigedom AS, som eig Spar Hafslo-bygget, sit på det aller meste av arealet der det vert opna for sentrumsutvikling. Dette gjev mulegheit til å tenke utvikling uavhengig av eigedomsgrenser, og ein kan optimalisere utvikling av næring- og leilegheitsareal. Utgangspunktet er at JH Sterri Eftf AS (drivar av Spar Hafslo) og Sterri Eigedom vurderer bygging av ny butikk i planområdet, utan at eksisterande butikk treng å stenge. Dette opnar for andre løysingar aust i planområdet.

Vegen Mobakken ligg midt i planområdet. Det er teke med areal på dyrka mark bakom eksisterande Sparbutikk og gamle Herradshuset (gbnr 148/115) som gjer det muleg å gjennom prosessen vurdere ei omlegging av denne vegen. Luster kommune vil understreke at me ønskjer å unngå denne omlegginga, både med omsyn til sikring av dyrka mark, og me er usikre på om det vil gje ei betre løysing, spesielt med tanke på å kunne halde farten vinterstid. Luster kommune meiner likevel at det må opnast for at vurderinga kan gjerast, men då må det vise seg at ein får vesentleg betre løysingar i sentrumsarealet med å flytte denne vegen.

Det vert no eit dobbelt planleggingsarbeid her, då det meste av dette arealet er ein del av Områdeplan for Hafslo sentrum, planid 2020004. I plan- og forvaltningsutvalet sitt møte 10.03.2026 (sak PFU-17/26) vart det vedteke at områdeplanen skal sendast på ny høyring. Områdeplanen er no ute til høyring med høyringsfrist fredag 4. september. Det er naturleg å vise til kva som vart gjort i områdeplanen for dette sentrumsområdet, jf kartskisse under. Ein legg her opp til at det vert lagt inn to sentrumsføremål på dei aktuelle eigedommane, men då med krav om detaljregulering. Det er denne detaljreguleringa som det no vert varsla oppstart på.



Utsnitt av områdeplan for Hafslo sentrum som no kjem på nytt offentleg ettersyn.

Merknad til planarbeidet

Eventuelle merknadar til oppstartsvarselet kan sendast på epost til post@luster.kommune.no eller pr post til Luster kommune, Rådhusvegen 1, 6868 Gaupne innan måndag 24. august 2026. Spørsmål kan rettast til underteiknande på telefon 418 58 780.

Med helsing

Knut Vidar Svanheld
plansjef

Vedlegg

Detaljreguleringsplan Hafslo sentrum nord, planid 2026001

Vedlegg 2 - planavgrensing Hafslo sentrum

Mottakar

Alfred Haukeland	Mobakken 4b	6869	Hafslo
Anvor Margrete	Leikvollveien 33	1387	Asker
Osmundsvaag			
Aud Marie Kjos- Wenjum	Hafslovegen 166	6869	Hafslo
Claus Rumohr	Movegen 5b	6869	Hafslo
Moe			
Eirik Hoem, FAU mm			
Hans Martin Brusegard	Bakkingavegen 5	6869	Hafslo
Harald Hess	Hafslovegen 167	6869	Hafslo
Hess Eiendom As	Krekavegen 149	6869	Hafslo
Kirsten Nancy Kvam	Mobakken 1	6869	Hafslo
Kjell Ove Stein	Botn 7d	6869	Hafslo
Kristoffer Grodås	Sør-Markane 14	6783	Stryn
Marianne Hansen			
Marita Brusegard Linde	Bakkingavegen 5	6869	Hafslo
Nes Eigedom As	Krekavegen 175	6869	Hafslo

Mottakar Norges Vassdrags- Og Energidirektorat (nve) Region Vest	Naustdalsvegen 1B	6800	Førde
Per Birger Kjos- Wenjum	Hafslovegen 166	6869	Hafslo
Rine Merete Kvam	Mobakken 1	6869	Hafslo
Sigfred Moene	Bakkingavegen 3	6869	Hafslo
Sogn brann og redning IKS	Postboks 153	6856	SOGNDAL
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Sterri Eigedom As	Postboks 34	6867	Hafslo
Thomas Øyre	Solbakken 56	6869	Hafslo
Vestland Fylkeskommune	Askedalen 2	6863	Leikanger
Vestland Fylkeskommune Skyss	Askedalen 2	6863	Leikanger

|